

Litt om nokre handelstiltak i Syvdsbotn

Av Jostein Nordvik

I 1893 emigrerte ein unggut frå Øvstegarden i Vik i Syvde til Iowa og vart amerikansk statsborgar. Knut Petter Andreas Knutson heitte han, og han hadde sju sysken. Eldste systera og mannen hennar hadde fått skøyte på halve heimegarden i Vik i Syvde i 1884, og eldste broren Olaf Peder, som etter den tids skikk var odelsgut, fekk den andre halvdel, men Olaf reiste til USA eit par år etter, og i 1890/91 kom han heim igjen og selde sin del av garden før han reiste tilbake til USA. Knut Petter og dei seks andre syskena emigrerte også til USA i åra mellom 1891 og 1910, slik at sju av åtte sysken forlet heimbygda og vart amerikanarar, seks av dei for alltid.



**FOTO 1 –
Knut P. A. Ovregaard**

Knut tok namnet Ovregaard då han kom til USA, skaffa seg etter kvart utdanning, vart professor ved College of Idaho, gifte seg og fekk to søner, og i godt vaksen alder gikk han i gang med å skrive slekts- og gardssoga si frå Syvde, slik at etterkomarane og slekta hans i Amerika skulle kjenne til røtene sine, og med tida vart denne slektssoga delt med slekta i USA og i Norge.

I dei innleiande kapittela i slektssoga fortel han om forholda og personane i bygda, og nemner at bestefaren, Ola Knutson på Øvstegarden var ein etter den tid opplyst mann, skrivekyndig og hjelpsam, og hjelpste grannar og bygdefolk med å skrive brev og andre dokument, og vart kalla «Ole Skrivaren» av sambygdingane.

Opptakten til Syvde kooperative handelslag?

Knut Petter Ovregaard (1873-1960) skreiv også at far hans, Knut Severin Olson (1834-84), var ein av initiativtakarane og medeigar i den fyrste kooperative butikken i soknet då dei prøvde å få ein slik butikk i gang rundt midten av 1800-talet, og sjølv om dei ikkje lukkast med å få lønsemd og halde verksemda i gang, meinte Knut Petter at det gav initiativtakarane erfaringar som dei bygde vidare på, og seinare lukkast med butikkane i den kooperative bevegelsen. Eg har ikkje

funne spor etter dette fyrste forsøket med ein kooperativ-butikk, men andre tiltak i Syvde frå om lag 1895 og framover er kjende.

Nye handlande på 1900-talet

Med tida kom det altså andre som fekk i gang varig handelsverksemd i Syvdsbotn. Andreas Almklov (1865-1940) fekk i 1890-åra bygsle og seinare kjøpe jordstykke ved kyrkja, der den offentlege landgangsvoren låg, og han fekk i gang butikk og bakeri, og bygde ei større sjøbud og kai ved kyrkja.

Eit steinkast vidare på vegen frå kyrkja mot vegen til Saurdalen, etablerte Kristian Drage (1880-1950) seg med familien rett over 1900-talet, og dreiv handelsverksemd der, og på det jordstykket der nordalingane (medrekna Tverberg, Koppen og Landsverk) hadde naustrett, vart det bygt eit naust der det vart driven handel, og seinare eit våningshus med to etasjar utan kjellar. Det låg på det felles naustområdet, der brørne Ole Tobias og Johan Brudevoll dreiv handel i fyrste etasje på slutten av 1800-talet. Ole Tobias Johannesson var den yngste av dei, fødd i 1869, og han døde i Ålesund, 26 år gammal. I kyrkjebøkene står det at han var behandla av lege i Ålesund, men døde av tyfus 20. juni 1895.



FOTO 2 -

Sentrum i Vik ca. 1930 med fortøyingskar i fjøra. Almklovhuset med butikk/bakeri og sjøbuda i forgrunnen med ei mørk garasje i midten. Til høgre for huset ser vi Nordalsnaust og Riisøenhuset. Fredtun og K. Drage sitt nye hus midt i bildet.

Foto: Storegjerde.

Seinare vart det altså Andreas Riisøen (f. 1873-1942) frå Stryn som busette seg i dette huset i Bjårdalen. Han var fyrst gift med ei Nordalsjente, Venna Nordal, og budde då i Nordalen på hennar heimegard bnr. 86.12. Andreas dreiv m.a. som urmakar og med ymse handel, og var også spelemann. Etter nokre år flytta Andreas og kona frå Nordalen til Syvde sentrum der dei flytte inn i huset der Brudevoll-karane hadde drive handel. Venna døde i 1922, og Andreas gifte seg i 1924 med Pernille Refvik. Huset vart då etter kvart kalla «Riisøen-huset», og det vart ståande til første halvdel av 1960-talet.

Første varige handelslagsbutikken

I Hans Brekke si «Bygdesoga for Syvde Herad» frå 1945 har Brekke skrive at bruksnummer 47 på Myklebust (gardsnummer 89) er ei tomt utgått frå dei tre bruksnummera 7 Reiten, 26 Jylet og 13 Kviene, og desse jordlappane nedanfor bygdevegen på Røysa vart kjøpte av Syvde Handelslag i desember 1909, og kjøpekontrakten er innført i pantebøkene og kan lesast der. Laget bygde handelslokale på nedsida av bygdevegen i området ved Bakke-nausta. Vi veit ikkje sikkert korleis Syvde Handelslag var organisert denne fyrste tida, men Hans H. Brekke (1864-1952) var då formann i laget, som i kjøpekontrakta i 1909 kalla seg «Syvde kooperative handelssamlag». Kjøpekontrakta er elles litt spesiell, for partane vart enige om at ein ikkje skulle skrive ut skøyte på dei kjøpte jordstykkane, truleg fordi dei då måtte gjennomføre frådelings- og skylddelings-forretning, og det kosta ein del pengar. I staden har både kjøpar og seljarar skrive under på at «...Ovennævnte hustomt er saaledes Syvde Kooperative handelssamlag eiendom.»

Handelslaget sin eigedom på Røysa i sentrum vart altså ikkje skyldsett, og fekk ikkje vanleg matrikelnummer og bruksnummer i 1909, og då laget i 1918 flytte butikken sin til Vika/Syvdsbotn, kjøpte Ole Sørdal tomte på Røysa, som han seinare selde vidare til Jakob Knutsen. Jakob sette opp nytt våningshus på nedsida av bygdevegen og flytta inn der med familien 1923.

I løpet av åra frå århundreskiftet og fram til 1930-åra vart utskiftingar av innmark, utmark, fjøre- og naustgrunn gjennomført også på Myklebust, og jordteigar var omfordelte på ulike bruk. I 1933 vart det så gjennomført skylddelingsforretning på den nye eigedomen, og då ser vi i skyldsettingsprotokollen at tomte har jordstykke «tilhørende» fire bruksnummer, som då ikkje er dei same gardsbruka som Handelslaget kjøpte av i 1909: I 1933-protokollen står det at det no var

bruksnummer 7 Reiten (brukar John Nordal), 11 (brukar Sara Myklebust, gift med Marius M.), 13 Kviene (brukar Martinus Holsvik), og 26 Jylet (brukar Hans A. Myklebust). Ved skyldsettinga i 1933 er det ført slik i protokollen: «Ved forretningen møtte Jakob Knudsen og Knud A. Myklebost. Tilstøtende naboer fandtes det unødvendig å tilkalle, da de tilstøtende nøsttomter er beskrevne og kartlagde ved offentlig utskiftning, og ellers var lodeierne tilstede og linjerne avmerkede den 30.03 d.å. » Den nye egedomen fekk altså i 1933 gnr 89, bnr. 47 og namnet Jangård.

Butikk og kai m.m. i Vika.

På bruksnummer 37 Vika, som hadde matrikelnamnet Syvdsbotn, hadde Peder Anderson frå Smedbøen starta butikkverksemd, «Syvdsbotn Landhandel», med bakeri, sjøbud og kai rett før 1900, men etter nokre få år gav Peder opp butikkverksemda der og flytta frå bygda. Olai Mathias Rønnestad (1869-1947) på Eidså kjøpte då anlegget i Vika/Syvdsbotn, og dreiv det frå 1904 til 1918, då det vart danna eit selskap (lutlag) som kjøpte ut Rønnestad, og selde anlegget til Syvde Handelslag, som då flytta butikken sin frå Røysa og til Vika.



FOTO 3 -

Butikken, sjøbuda og kaia i Vika, truleg før 1919. Båten skal vere Storfjord.

Foto: Storegjerde.

Syvde Handelslag overtok altså butikkbygget, kaia og sjøbuda i Vika/Syvdsbotn. Bildet framanfor må vere teke før 1918-19, for sjøbuda vart monaleg utvida då Staten etter første verdskrigen skaut inn halvparten av byggekostnaden ved å utvide sjøbuda og lagerkapasiteten for eit kriselager for korn og mjøl og evt. andre nødvendige varer, med tanke på at ein i framtida kunne unngå dei forsyningsproblema landet hadde hatt 1917-18 på slutten av den første verdskrigen.

Som i mange andre bygder rundt oss var det utskiftingar av gardane i ti-åra etter 1870, og på Myklebust vart innmarka kartlagt og utskift i åra etter 1874. Så vart Myklebust si utmark utskift i åra 1906-19, og nausttomter og fjøregrunn vart truleg utskift i 1930-åra. Det var nok difor til tider litt usikkert kven som fekk tildelt dei enkelte jordteigane ved dei ulike utskiftingane, og ting vart nok avtalte utan at ein alltid kunne bruke dei formelt rette nemningane, og eigedomsdelingar og skyldsettingar tok tid og kosta ein del, samtidig som fastsett skyld på den enkelte eigedom hadde innverknad på skattlegging m.m.

Privat kapital.


I 1921 då utvidinga av sjøbuda vel var ferdig og drifta i Vika godt i gang, ville styret utvide kapitalen, og denne gongen gjekk handelslagsstyret ikkje til banken, men fekk ein avtale med ein av gardsbruk-eigarane i Vik, skipper Knut Andreasson Vik (Ulas-Knut, 1879-1940), som lånte 10 000 kroner til laget. Laget pantsette så anlegget med påståande og evt. nyoppsette hus - minus staten sin del av lageret i den ny-utvida buda, og det vart også avtala at laget skulle gi rente på pengane «...med den til enhver tid gjældende (i sparebanken) indskudsrente at erlægge en gang aarlig 30/12 samt at tilbagebetale afdrag eller indfrielse efter Kreditors ønske mot 6 maaneders varsel.»

Ny butikk på 1950-talet

Syvde Handelslag brukte altså dette anlegget i Vika med butikklokale og ein bustaddel for butikkpersonale fram til 1953/54. Då hadde laget bygt ein langt meir moderne butikk på Røysa i sentrum om lag der det fyrste handelslokalet stod, men Vika vart framleis brukt i mange år som lager og dampskipsekspedisjon.

FOTO 4 -

Flyfoto i 1954 av butikken, sjøbuda og kaia i Vika. Husa til venstre er privatbustader på to tomter som vart utskilde frå bruksnummer 36. Anlegget vart brukt som lager og dampskipsekspedisjon. Harbakk-bruka oppe på bakkekanten.



Fylkesfotoarkivet: FAKf-101034.367699
 Flyfoto: Sokna
 Eigar: Vanylven Sogelag / Johan Ottesen
 Repro: JNo 2020

Haakon Fiskaa har elles på s. 351 i fyrste utgave av «Bygdebok for Syvde sokn», 1974, gitt dette oversynet over styrarar av Syvde handelslag i perioden frå 1918 til 1956:

«Styrarar:

Adam Sandnes, 1918-30.

Anfinn Skorge, 1930-31.

Olav Lillebø, 1931-34.

Ole K. Thunem, 1934-37.

Knut Brekke, 1937-42, no heradskasserar i Vanylven.

Peder Opsal, 1943-45, vart då styrar av Brattvåg Samyrkelag.

Gudmund Strand, 1945-48, då styrar av Eidså Samyrkelag.

Olav A. Sunde frå Olden, 1948, då tilsett i Volda Samyrkelag.

Georg Lilleås frå Nordal, 1948-50, så styrar av Stranda S.lag.

Harry Pedersson 1950-56, til overflyttinga til Røysa.



Foto 5 -

Tredje butikklokalet til Syvde Handelslag, bygt i sentrumsområdet i Syvdsbotn. Vi ser bygningsmiljøet nord for handelslagsbutikken rundt 1955.

Foto Sverre Brudevoll

Bildeutsnittet (Foto 5) på denne sida er frå eit postkort teke av Sverre Brudevoll (truleg midt på femtitalet). Vi ser «50-talsversjonen» av Syvde Handelslag heilt til høgre. Til venstre for Handelslaget sitt nybygg står eit par av Bakkenausta, og rett bak desse ser vi Knutsenhuset. Nedanfor huset, heilt til sjøkanten, ser vi Knutsen sitt uthus og snekkarverkstad, og til venstre bak det står Knutsen si lastebilgarasje. Det mørke taket vi ser over og bak den mot gamleskulen, er nok drosjegarasja hans. Til endes for det mørke garasjetaket skimtar vi det vesle huset som var starten for Bødrene Vik bokhandel, og seinare kiosk for Adolf og Karen Strømmen, som m.a. selde fin fiskemat. I treklynga bortanfor realskulebygget og klokkarnaustet skimtar vi K. Drages eftf. med butikk og våningshus. Bryggja med stor sjøbud og pensjonat er utanfor bildekanten til venstre, og utanfor bildekanten til høgre ligg våningshuset til Røysa-bruket, bruksnummer 1 på Myklebust.

Elles er det nok fleire enn eg som hugsar handelslaget sine kassalappar frå denne tida - , dei firkanta mørkt rosa eller mintgrøne lappane, der datoen og summen du hadde betalt stod på forsida, og på baksida fann du fylgjande visdomsord:

Kjøp berre det du treng
og betal etter kvart.
Då vantar du 'kje peng'
og vert rik i ein fart!

Legg også merke til alle dei små sommarfjøsane/utlødene som ligg i Vik sine utmarks-teigar på Reitane i bakgrunnen. Praktisk talt alle er no borte. Berre nokre få steinmurar står att.

Så tidene og husa skifter, og svært mange av desse bygningane kan vi nok ikkje finne igjen i dag.

--000--